




NR 9

DESEMBER 1983

16. ÅRG.



God Jul



JULEKONSERTANE

Ytre Arna Kyrkje

SØNDAG 4. DESEMBER KL. 19.00

Medverkande:

Ytre Arna Barne- og Ungdomskor. Ytre Arna Kyrkjekor. Geir Rydland, trombone. Arne Musikforening. Tale ved lektor Arve Brunvoll.

Arna Kyrkje

SØNDAG 4. DESEMBER KL. 19.00

Medverkande:

Kor og musikklag fra det lokale musikklivet.

SØNDAG 11. DESEMBER KL. 19.00

Medverkande:

Kor og musikklag fra det lokale musikklivet.

SØNDAG 18. DESEMBER KL. 19.00

VI SYNG JULA INN.

Arna Kyrkjekor, Garnes skulemusikk og organist Vidar Vikøren medverkar.



Julefestar



TUNES

18. desember: Familiefest kl. 16.00. Talar Arild Hetlebakke.

LONE

27. desember: Søndagsskulefest kl. 15.30. Talar Finn Wiig Sjursen.

28. desember: Betania Ungdomsforening har julefest kl. 19.30.

6. januar: Betania Y-ungdom har julefest. Talar Harald Myklebust.

INDRE ARNA

28. desember kl. 17.00: Familiejulefest. Indre Arna søndagsskule og «Barnerøyster». Andakt ved Anne Margrethe Johnsen.

7. januar kl. 17.00: Familiejulefest. Sokneprest Knut Hernes talar. Program for heile familien.

YTRE ARNA

29. desember: Søndagsskulefest kl. 17.00. Talar Åse Melland.

8. januar: Indremisjonen sin julefest kl. 17.00.

15. januar: Julefest for eldre kl. 16.00. Ytre Arna sanitetsforening og sokneråd arrangerar, og alle eldre er velkomne. Treng nokon skyss kan ein ringja 24 13 25 eller 24 23 03 (kyrkjekontoret)

HAUGLAND

28. desember: Søndagsskulefest kl. 15.00.

30. desember: Indremisjonen sin julefest kl. 19.00.

JUL



*Julen er mere enn
glitrende graner
og skinnende sne.
Julen er mere enn tilvendte va-
ner
og gang om et tre.
Julen er Jesus,
Guds enbårne sønn.
Julen er himmelens svar
på din bønn.
Julen er Jesus.*

*Julen er mere enn
krybben og stallen
og leiet av halm.
Julen er mene enn
klokkenes kallen
og klingende malm.
Julen er Jesus,
Guds sonofferlam,
lammet som bærer
vår synd og vår skam.
Julen er Jesus.*

*Han er vår høytids
innhold og kjerne
og dyreste skatt.
Han er den eneste,
lysende stjerne
i tidenes natt.
Jesus er trøsten
for slekter som blør.
Jesus er håpet
for meg når jeg dør.
Jesus alene.*

Ingvald Bødtker

ORD FRÅ BIBELEN:

Men du Betlehem, Efrata, du ringaste mellom åttene i Juda. Frå deg skal det koma ein mann som skal vera Herre over Israel. Han har sitt opphav i gamal tid, han er frå eldgamle dagar. Han skal stå og gjeta i Herrens kraft, med makt og mynd frå Herren sin Gud. Og no skal dei sitja trygt til heimsens endar.

(Mika 5.1 + 3)

Det folket som ferdast i mørket, skal sjå eit stort ljos, over dei som bur i skuggelandet, skal ljoset stråla.

For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet kviler på hans akslar, og han skal kallast: Underfull, Rådgjevar, Veldig Gud, Ewig Far, Fredsfyrste.

(Jesaia 9. 2 + 6)


Det sanne ljoset som lyser for kvart menneske, kom no til verda. (Joh. 1.9.)

Alle som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born. (Joh. 1.12.)



Jule-nøtter for barn:

Her er det mange fine tegninger. Se nøye på dem og sett et kryss ved de tegningene som har noe med julen å gjøre slik du hører om den i kirken.



Bokstavene til denne julesangen har ramlet hulter i bulter. Sett bokstavene på rett plass, og finn ut hvilken sang det er ved hjelp av ledetrådene. Noen bokstaver skal være i flere ruter.

No tenner vi det første lys

Mel.: Eg foldar mine hender små
No tenner vi det første lys,
åleine m, det stå.
Vi ventar på det vesle barn
i krubba lagt på strå.

No tenner vi det andre lys,
dei står der stilt og skin.
Vi ventar på at Gud, vår Far,
vil sende sonen sin.

No tenner vi det tredje lys
det er eit heilagt tal.
Vi ventar på at Kongen vår
skal fødast i ein stall.

No tenner vi det fjerde lys,
og natta vert til dag.
Vi ventar på ein Frelsarmann
for alle folkeslag.



Kyrkjering – noko for deg?

På Unneland / Haukland har dei nå starta opp den første kyrkjeringen i Arna kyrkjelyd. Dei var nyleg heime hos Grethe Bergo Larsen. Målet for arbeidet er å samla inn midlar til kyrkjelydshus i Arna, samstundes som dei ynskjer gode sosiale samver og åndeleg fellesskap. I fyrste omgang er det planar om ei julemesse allereide i byrjinga av desember -83. Til våren blir det kanskje ei litt større utloddning.

Det ville vera fint om vi kunne få fleire kyrkjeringar rundt om i kyrkjelyden. Når vi nå vil prøva for fullt å arbeida for å reisa kyrkjelydshus i Arna, kan arbeid i

kyrkjeringar, mellom anna, vera eit viktig middel til å få auka interessa for saka. Røynsle frå andre kyrkjelydar viser at dette er tilfellet både under ein førebuing- og byggjefase, — men og seinare i den daglege verksemda i kyrkjelyden.

Med dette vil vi i Arna Sokneråd oppmøda både kvinner og menn til å ta eit tak for kyrkjelydsarbeidet på denne måten.

I ein kyrkjering treng ein ikkje m.a. strikka og sy for å få inn tektar. Det gjeld om å bruka fantasi! — — Så kunne det bli

Bøn

(Kan syngjast på melodi:
Gjer døri høg.)

Eg bøyar no mitt hovud ned
og søker mot den stille fred,
som berre einast eg kan få
der Jesus-barnet ligg på strå.

Det gufsar kaldt frå vondे verd
der brødre dregst med ord og
sverd.

Då søker eg frå verdi all
eit bombesikkert rom — ein stall.

Her bøyar eg meg ned til Han
som for meg evig sela vann.
Der kveikjer han med smilet sitt
eit stjerneskin i hjarta mitt.

M.R.

Kjøplagskort!

Også i år vil dei kristne skulelaga ved Arna gymnas og Garnes ungdomsskule selje julekort. «Lagskort», som dei vert kalla, er julekort med kristne motiv. Overskuddet av dette salget går til skulelagsarbeidet i Noreg. Laget sitt formål er: å samle kristne studenter og skuleungdom heime og ute for å styrke og utdype deira åndelege liv, og å vinne andre for Kristus.

Kvar veke samlast mange tusen ungdomar til lagsmøte, andaktar og bønemøte.

I år vil det være 16 ulike motiv å velje mellom. Me vil selgja enkle, doble og tredoble kort. I tillegg vil me ha merkelappar og pakkar med kort.

Me i skulelaga skal stå på «stand» og gå på dørene til folk for å selgje kort. Diverre rekk me ikkje over alle husstandane i Arna.

Dersom du ikkje har fått høve til å kjøpe julekort, kan du ta kontakt med Arna kyrkjekontor, tlf. 24 04 00 eller Ytre Arna kyrkjekontor, tlf. 24 23 03. Her vil me leggja ut brosjyrar, og du kan også gjeva melding der kor mange kort du ynskjer. Framsida på kyrkjelydsbladet viser eit av motiva.

GØY

ENDELEG:



Fat med motiv av Arna Kyrkje

Etter dei opplysningane soknetrådet no har fått, skal fata med motiv av Arna kyrkje koma ca. 10. desember.

Dei vil kosta ca. kr. 100,- og ein kan få kjøpt dei på Kyrkjekontoret i Borgstova: tlf. 24 04 00. Overskotet av salet vil gå til Kyrkje-lydhuset.

Glimt frå Truslæra:



I Jesus Kristus er Gud og menneske blitt verkeleg eitt. Denne trussettinga er ikkje laga av kranglete teologar på trettesjuke kyrkjemøte. Overtydinga er sprunge fram av den røynsla venene og disiplane til Jesus fekk då dei møtte han. Dei såg at dei hadde framfor seg eit verkeleg menneske, eit menneske som svalt og blei trøytt. Samstundes stråla mynda til Gud ut frå han. Mangt eit vers i Bibelen vitnar om dette t.d. Rom. 9:5: «*Kristus er komen som menneske, han som er Gud over alle ting*». Og i dag kan kristne som lever med Herren, røyna at han er sann Gud og sant menneske.

Fleire undrast på kvifor dette dogmet er så viktig i den kristne trua. Grunnen er inga spekulativ interesse for dei to naturane hos Jesus. Det er heller så at dogmet inneheld ein umissande del av trua i Bibelen. Fyrst når Jesus er sann Gud og sant menneske samstundes, kan han vera Frelsar for oss. Hadde Jesus berre vore eit menneske, så hadde han ikkje vore annleis enn oss, og vi hadde mist han som Frelsra. Hadde han berre vore Gud, mista vi og frelsaren, avdi skilnaden mellom oss blei så stor at vi ikkje kunne sameinast. Dette har kristne røynd, og det er difor det er blitt strid opp gjennom kyrkjesoga når nokon har kome og hevda noko anna.

Jesus levde hos Gud som Sonen hans før han kom til jorda. I jula blei han fødd inn i vår verd som eit lite, hjelpelauast menneskebarn, avla ved Den Heilage Ande, fødd av ei jomfru. Dette kallar vi inkarnasjonen, og her stansar tanken vår. Underet kan vi ikkje skjøna.

Det var ei nedring for Jesus som var utan synd, å koma inn i våre synlige kår. Han kunne krevja å bli æra, men han blei sjølv ein tenar og gav livet sitt for andre. Han gav og avkall på å nytta dei guddommelege eigenskapane sine, med mindre det var til nytte for frelsa til menneska.

Botnen i nedringa var soningsdøden på krossen. I oppstoda og himmelfarten blei Jesus på nytt opphøgd, og guddomen kon klårt fram att. Nå sit Jesus som sann Gud og sant menneske ved høgre handa til Faderen og er Frelsar for alle som tek imot frelsargjerninga hans.

Familieside

DØYPT

Arna sokn:

16/10:
Øystein Gjerde, Stian Unneland, Christian Wetås, Hallvard Fitje Torgersen, Kjetil Hekland.

30/10:
Hege Melinda Ytrearne. Døypt i Ytre Arna.

6/11:
Tina Falch Eide, Linn Pauli, Rune Ekren, Erlend Andre Henriksen, Willy Davidsen.

VIGDE:

Arna sokn:
10/ 9:
Gunnar Mjelde og Linda Birkelid. Vigde i Hosanger.

1/10:
Halvard Arne Tysse og Anna Kristina Tveit. Vigde i Hosanger.

5/11:
Harald Kvalvåg og Magnhild Hodnelid.

12/11:
Einar Dahl og Sandra Torsvik.

DØDE

Arna sokn:

17/10:
Ingeborg Marie Larsen f. 1931.

18/10:
Magnus Mjelde f. 1908.

4/11:
Solveig Tveiterås f. 1921.

4/11:
Leiv Nordanger f. 1937.

Ytre Arna sokn:
18/10:

Nikolai Tuft f. 1900.

26/10:
Inga Mjelde f. 1918.

28/10:
Magnus Olsen f. 1898.

4/11:
Nils Birkeland f. 1899.

5/11:
Jonas Hinna f. 1912.

Ofringane i kyrkjelyden

ARNA:

16.10: Bibelskulen
på Bildøy kr. 1620,-

23.10: N.L.A. kr. 1963,-

30.10: Bjørgvin
Bispedømeråd kr. 1065,-

6.11: Kyrkjelydsarb. kr. 590,-

13.11: Den norske

muhammedanermisjon

kr. 2005,-

YTRE ARNA:
23.10: Norsk Lærarakademi kr. 627,-

30.10: Menighetsfakultetet kr. 675,-

13.11: Luther-senteret
i Ø.-Tyskland kr. 533,-

Kyrkjelydstreff!

4.12.kl. 16.30
Familiesamling i Arna bedehus.
Barnerøster vert med då.

Vel møtt.
Helsing komiteén

Levebrød

- Sei meg Ola, kva lever du eigentleg av?
- Mine sju brevduer.
- Men ein kan då ikkje leva av brevduer!
- Jau, det går fint. Eg sel dei om morgonen for 25 kr. kvar, og om kvelden er dei tilbake att!

Presten
har
ordet

Harald Sundsbø



Advent

Mange opplever tida før jul som den mest travle i året. Om det ofte vert sagt at ein ikkje skal gjera juleførrebuingane så grundig som før, vert det snart nok likevel. Men om det er slik, er det også ei tid med glede og forventning for store og små. Jula vert også kalla heimen si høgtid, og mykje arbeid vert retta inn mot at ein skal få det godt og fint saman med sine.

I førkristen tid var det også ei fest med religiøst innhald på denne tida av året. Då kristendomen vaks fram, var det naturleg at den også var med på å gje høgtida eit innhald. Difor vart feiringa av Jesus fødsel lagt til denne tida. At Jesus vart fødd er ei god og avgjerrande hending for alle menneske som kan gje grunn til glede og fest: ...«ei stor glede som skal ti mast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar.»

No er situasjonen den at for mange vert jul mest berre eit møte med julenissar, julepakkar og mykje god mat. Det kan vera ei høgtid med ei fin ytre ramme, medan julesongane, juleevangeliet og gleda over Jesu fødsel er på veg ut i mange heimar. Vil vi det

slik? I så fall står vi att med ei hyggeleg festtid, men den djupe og varande grunn til glede, kvar er den?

Advent tyder kome, og Guds komme til oss i Jesus, har lett for å ta pa i konkurransen med alt som vil fanga vår interesse.

Men julenissar, julepakkar og julemat er lite å byggja våre liv på som menneske. Det er litra von i det når grunnvollane skjelv. Mykje meir har Frelsaren som kom, å tilby oss: samfunn med Gud no og alltid. Der er noko som gjev livet vårt håp, mål og innhald. Advent vil seia at Jesus ein gong kom, men også at han er hjå oss i dag. I kyrkja brukar vi den fiolette fargen i denne tida og i fastetida. Det vert kalla botsfargen som ei påminning om å venda oss til Jesus som grunnlaget for vår tru og liv som menneske, slik salmediktaren skriv:

*Han er den sanne gledesol,
Som lyser frå Guds nådestol.
Og ved det ljoset bjart og klårt
Det lysna må i hjarta vårt.*

Og med dette er det ikkje felt nokon dom over juletravelhet og julefeiring. Men la det heller enda i ei oppmoding om ikkje å setja til side hovudpersonen: Jesus. Inga tid har så sterke tradisjonar som jula. Lat oss rundt om i heimane halda fast ved det gode i dei som peikar på han: julesongane og juleevangeliet.

**Redaksjonsnemnda
ynskjar alle lesarane
ei god jul
og eit godt nytt år!**

Ingjerd og Oddvar Mestad,
Hopital Protestant,
B.P. 6
Ngaoundere, Cameroun

Kjære kyrkjelydsblad!

Der fekk eg nett eit myggstikk, elles har eg det bra. Det er forresten lite mygg nå, for turketida har teke til, og da vert det lite mygg. Han kjem helst i kveldinga, som nå, og skal ha seg eit måltid blod til kveldsmat. Det klør, og stikk, men det verste er likevel alle dei skumle sjukdomane som kan vera overførde med myggstikk. Det kunne reint skræma ein vekk frå å vera her. Og likevel, her er me, har det godt, er friske, og klagar ikkje over noko. Nå er det snart fem månader sidan me reiste fra Norge siste gongen, og fortsatt har me det berre bra!

Me har det så bra, at me gjerne ville senda ei helsing tilbake til kyrkjelydane der me har vore: Revheim der me var aller sist, Os der me var i to år etter første periode i Kameroun, og Arna, der me vart invitert til misjonstenesta for over ti år sidan. Takk for forbøn, takk for at de er med i arbeidet i bøn og offer.

Det er ti år sidan me fyrste gongen kom her til sjukehuset i Ngaoundere. I denne perioden har me fått vera vitne til ei rik utvikling i sjukearbeidet. På alle måtar er aktiviteten auka, og aukande. Pasientane kjem, og mange reiser fornøgde og glade for lekamleg helse.

På det åndelege plan opplever me at folk ser på arbeidet med anerkjening, og det vil sei at dei føler den Guds kraft som står bak arbeidet. «De ber for medisinane, derfor kjem me til dykk», var det ein som uttrykte seg. Styremaktene er også velvillige. Det seier ikkje lite når me veit at dei styrande her i området er muhamedanarar, som slett ikkje alltid er glade for kristent arbeid og aktivitet.

Sist sundag var eg bærar. Det var ein gut på 10 år som ikkje kom seg til sundagsskulen. Han og mora er kristne, men faren er muhamedanar. For tre år sidan var gutten ute for ei trafikkulukke, og vart lam frå livet og ned. Han har fått nokre skinner, som han kan bruka om nokon støttar han. Nå er skinnene blitt upassande, og han har ikkje anna å hjelpe seg med enn dei som ber han. Han skulle gjerne hatt ein liten rullestol, Victor, men til na har det ikkje vore pengar til å kjøpa for. Om han fekk ein barnerullestol, ville den nok bli utslitен og for liten etter ei stund, men den ville nok vera til hjelp den stunda det varde. Slik det nå er, ligg gutten for det meste på matta si og ventar. For ein situasjon for ein 10-åring! Han kjem seg ikkje ein gong til skulen. Me skulle sikkert hatt ein lærar her på sjukehuset som kunne lært han å lesa, men slik service har me nok ikkje. Alt kostar pengar, og i eit u-land manglar dei altfor ofte!

Har nokon av dykk lyst til å hjelpe med dette?

Kanskje er det frekt å be om slikt, men dersom det skulle finnast nokon som har litt til overs, som har friske, sterke born, som kan koma på skulen når dei vil....?

Beste helsing frå
dykkar utsendingar,

INGJERD OG ODDVAR MESTAD



Ngaoundere 12.11.83

Konfirmanthelg på Kvamshaug 4.-6.11.

28 konfirmandar og 9 leiarar var samla på denne helga. Humoret var på topp både i leik og alvor.

Veret var ikkje det beste, så sporleiken laurdag vart ei fuktig oppleving. Men laurdagskvelden då alle kleddde seg ut og fekk pizza, var eit av høgdepunkta.



NYTT FRÅ SOKNERÅDA Ytre Arna

Kyrkja i Ytre Arna. Kyrkja i Ytre Arna har no fått doble vindauge. Det er sett inn ei rute innanfor dei som var frå før. Etter reparasjonen av kyrkja då golv og tak vart isolert, har det om vinteren vore store problem med kondens i vindauge- ein kunne tørka opp fleire bytter vatn i døgeret. Med dei ekstra vindauge vil det problemet truleg vera borte samstundes som varmetapet minkar.


Kapper til barne og ungdomskoret. Barne- og ungdomskoret har

no fått sydd 30 kapper. Det er ei gruppe foreldre saman med organist Siri Brunvoll som har stått for dette. To laurdagar var dei samla til dugnad på Kyrkjelydshuset- og med det var det meste gjort. Ideen til utforminga av kappene kom frå ei av mødrene. På julekonserten 4.12. vil dei vera brukt første gong.

Høyreanlegg i kyrkja. Saka tok mykje lengre tid i kommunale organ enn det vi hadde grunn til å reknha med, men vi vonar vi kan få klarsignal rundt juletider slik at anlegget kan monterast.

Gåver til kyrkjelydane

Til dåpssakrestiet i Arna kyrkje har Svein Mjelde gjeve eit veggteppe med motiv: Jesus og borna. Han har sjølv knytta teppet. Til kyrkjelydshuset i Ytre Arna har klasse 6 i skuleåret 82/83 v/lærar Boge laga eit keramikkarbeid med motiv: Stefanus vert steina.



Vi seier hjarteleg takk for gåvene, som passar fint inn der dei no heng.

Kyrkjering fra s. 5

ein del fine «husfellesskap» rundt om i heimane — samstundes som de gjer eit viktig arbeid for å reisa kyrkjelydshuset i Arna.

Ta kontakt med Grethe Bergo Larsen om de vil vera med på Unneland / Haukeland. Elles er Erling Osland nå formann for Økonominemnda for kyrkjelydshuset, og han svarar gjerne på spørsmål i samband med kyrkjulingsarbeid, eller anna arbeid, — for kyrkjelydshuset.

LUKKE TIL med oppstartning av kyrkjering! Eg håper vi kan melda om fleire nye i neste nummer av kyrkjelydsbladet.

Fiskeoppdrett


Som en del av et større helseprosjekt prøver Santalmisjonen nå å få i gang fiskeoppdrett i Bangladesh. De fleste landsbyer har fra gammelt av dammer som brukes til drikkevann, bading og tøyvask. I forbindelse med at en prøver å bedre vannforholdene, gir misjonærene også folk ideer om hvordan de kan få til fiskeoppdrett i de gamle dampmene. Et par dammer er allerede utbedret for fiskeoppdrett, og det er satt ut fiskeyngel som kan gi familiene verdifullt proteintilskudd til kosten og kanskje også en liten ekstra inntekt.

Skulegudstjeneste for Garnes Barneskule

Skulegudstenestene er ein del av samarbeidet mellom skule og kyrkje. Skulane er med på å gjera framlegg om innslag i gudstenestene, og kvar skule har til vanleg minst ei gudsteneste i året. Eit utval med representantar frå kvar skule og kyrkja er med på å leggja dette til rette.

Oftast er temaet for skulegudstenestene knytta til enten hausttakkefest, advent (jul) eller påske.

26.10. hadde Garnes skule hausttakkefest- og her ser me nokre glimt frå det. Elevane er alltid aktive med ulike innslag. Til hausttakkefesten høyrer også at dei har noko av avlinga frå hausten med seg i kyrkja.



TO ORD TIL DEG

Ett år
er ikke
så mye
du vet
bare litt
om den
store verden
som venter
på deg
men det
du vet
er at
to armer
rakt ut
mot deg
med fars
glade smil
hylle
oppe
i luften
en meter
over deg
betyr at
nå kan
du slippe
taket og
gå rett
dit bort
og hvis
du faller
på veien
så griper
han deg
og du
er trygg
akkurat slik
som en
Guds ettåring
får lov
å leve.
Ø.H.

NYTT FRÅ SOKNERÅDA

Arna

Kyrkjekstilar til Arna kyrkje. Soknerådet har drøfta dette og vil gjerne ha fleire messekaklar, preikestolklede og ny altarduk. Altarduken er krympa slik at den er for liten. Ein vil gjerne koma i kontakt med nokon som kunne tenkja seg å sy noko av dette. Til å arbeida vidare med dette, vart Ruth Hesjedal, Dagny Kleppestø og Liv Minde valde. Om nokon vil hjelpe til med det, kan ein kontakta ein av desse.

Organist. Organist Vidar Vikoren har fått fransk statsstipend for å studera orgelspel i Strasbourg. Han har permisjon fram til juli 1984. I denne tida vil Ingjerd Grøm vikariera i stillinga. Ho er nesten ferdig utdanna som organist ved Musikkonservatoriet i Bergen.

Bøn. Kvar sundag kl. 10.15 er det bønemøte i Borgstova. Alle er velkomne.

Lege i Arna:

Lege
Frøyd Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tirsd., onsd., torsd., fred.

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Iversen, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jebsensv. 39:
Tlf. 24 23 03.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.
Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69
Kontortid: Månd. - fredag 10-11.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgr. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløffer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN



— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har laveste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kje-
de av elektriske forretninger
EL-KJØP



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad

5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40





Velkommen til kyrkje

- 4/12 Arna kl. 11.00: Døveprest Asgeir Straume. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Norges kr. ungdomsforbund.
Unneland kl. 16.30: Sokneprest Øy. Lysmesse.
Arna kl. 19.00: Julekonsert.
Ytre Arna kl. 19.00: Julekonsert.
- 11/12 Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Dei fire diaconiinst. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
Arna kl. 19.00: Julekonsert.
- 18/12 Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Offer til kyrkjelydshuset. Sundagsskule.
Arna kl. 19.00: Julekonsert.
- 24/12 Arna kl. 14.30: Res.kap. Sundsbø. Offer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 15.30: Res.kap. Sundsbø og stud. theol Kåre Rune Hauge. Offer til Kirkens Nødhjelp.
Arna kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø. Offer til Kirkens Nødhjelp.
Ytre Arna kl. 15.00: Sokneprest Øy. Offer til Kirkens Nødhjelp.
Ytre Arna kl. 16.00: Sokneprest Øy. Offer til Kirkens Nødhjelp.
Trengereid kl. 15.00: Sokneprest Handal. Offer til Søndagsskulen.
- 25/12 Arna kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste v/sokneprest Øy. Offer til Det Norske Misjonsselskap.
Ytre Arna kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Offer til Det Norske Misjonsselskap.
- 26/12 Arna kl. 11.00: Gen.sekr. Johs. Aardal. Nattverd. Offer til Norsk misjon blant hjemløse.
Trengereid kl. 11.00: Sokneprest Øy.
- 31/12 Arna kl. 23.15: Res.kap. Sundsbø. Offer til Ungdomsarbeidet.
Ytre Arna kl. 23.15: Sokneprest Øy.
1/ 1 Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy og Olav Hesjedal. Nattverd.
8/ 1 Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy og Karl Johan Halleråker. Takkoffer.
15/ 1 Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø.
22/ 1 Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Familiegudsteneste.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy.

*Frist for innlevering av
stoff til nr. 1: 1. januar*